



Høyring – forslag til revidert forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune



Vestland
fylkeskommune

Mottakarliste

1. Vestland Arbeiderparti
2. Vestland Høgre
3. Vestland Senterparti
4. Raudt Vestland
5. Pensjonistpartiet i Vestland
6. Folkets parti FNB – Vestland – fylkestingsgruppen
7. Vestland Kristelig Folkeparti
8. Miljøpartiet Dei Grøne Vestland
9. Vestland SV – Sosialistisk Venstreparti
10. Vestland FrP
11. Vestland Venstre
12. Morten Klementsen – uavhengig representant
13. Trym Helge Aafløy – uavhengig representant
14. Hege Nygård Dale – uavhengig representant
15. Fylkeseldrerådet VLFK
16. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne VLFK
17. VU – Vestland Ungdomsutval VLFK
18. Yrkesopplæringsnemnda VLFK

Svar på høyring vert å sende inn via heimsida til Vestland fylkeskommune:
<https://www.vestlandfylke.no/politikk/hoyeringar/>

Kontaktperson:

Silje Lyngstad Sagen
rådgjevar Politisk sekretariat
Stabsavdeling for organisasjon og økonomi

Pål Andre Kleive
seniorrådgjevar økonomi
Stabasavdeling for organisasjon og økonomi

Innhaldsliste

1 . Bakgrunnen for forslag til revidert forskrift.....	- 4 -
2. Nærare om forslag til endringar.....	- 4 -
Faste godtgjersler, frikjøp, ulike nivå og trappetrinn.....	- 4 -
Trappetrinnsmodell for godtgjersle.....	- 4 -
Særleg om trappetrinnsmodell føresetnad og vilkår	- 5 -
Kapittel 3 Møtegodtgjersle	- 6 -
Kapittel 4 Vederlag for tapt arbeidsinntekt	- 8 -
Særleg om § 4-4 Sjølvstendig næringsdrivande.....	- 9 -
Kapittel 5 Godtgjersle ved deltaking på gruppemøte, kurs, synfaring og liknande.....	- 10 -
Kapittel 7 Skyss og køyregodtgjersler m.m	- 10 -
Kapittel 10 Ordninger for fylkesordførar og fylkesvaraordførar.....	- 11 -
Kapittel 12 Ettergodtgjersle	- 11 -
Kapittel 15 Regulativ for godtgjersle og vederlag til folkevalde	- 12 -
Opposisjonstilskot	- 12 -
Språklege endringar og presiseringar i forskrifta	- 14 -
Kapittel 7 Skyss og køyregodtgjersler m.m.	- 14 -
Kapittel 4 Vederlag for tapt arbeidsinntekt	- 15 -
Kapittel 3 Møtegodtgjersle	- 15 -
Avsluttande merknader frå fylkesdirektøren	- 15 -
Forslag til forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune	- 16 -
Kapittel 2 Faste godtgjersler	- 16 -
Kapittel 3 Møtegodtgjersle	- 18 -
Kapittel 4 Vederlag for tapt arbeidsinntekt	- 19 -
Kapittel 5 Godtgjersler ved deltaking på gruppemøte, kurs, synfaring og liknande	- 20 -
Kapittel 8 Utgifter til telefon og breiband	- 21 -
Kapittel 9 Pensjonsmedlemskap, forsikringar og permisjon	- 21 -
Kapittel 10 Ordninger for fylkesordførar	- 22 -
Kapittel 11 Politikardagar	- 22 -
Kapittel 12 Ettergodtgjersle.....	- 23 -
Kapittel 13 Innlevering av reiserekning m.v.	- 23 -
Kapittel 14 Frikjøpsordninga og opposisjonstilskot	- 23 -
Kapittel 15 Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde.....	- 23 -
Kapittel 16 Ikrafttredelse	- 24 -

1 . Bakgrunnen for forslag til revidert forskrift

Dei folkevalde sine økonomiske rettar og plikter er regulert i forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. I fylkestinget juni 2021 i PS 68/2021 vart følgjande formulering tatt inn i forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i § 1-1 tredje ledd:

«Forskrifta skal gjennomgå revidering og vedtakast i løpet av første halvår av valåret når det er fylkestingsval.»

Neste fylkestingsval er hausten 2023. Dette inneber at ei revidering av forskrifta må skje med siste frist på Vestland fylkesting sitt tingsete i juni 2023. Arbeidet med revidering av forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune starta difor opp i desember 2021.

Sidan forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune innehar eit stort politisk handlerom, har det for fylkesdirektøren vore viktig at det ligg føringar frå dei folkevalde sin ståstad før fylkesdirektøren legg fram sitt forslag. Fylkestinget vedtok i PS 111/22 *Reglement for folkevalde organ og delegering* punkt tre at det skal settast ned eit arbeidsutval som mellom anna skal legge fram revidert forskrift om økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde. Fylkesdirektøren har i arbeidet med revidering av forskrifta hatt jamlege møter med arbeidsutval for delegering:

- 03.12.2022
- 24.02.2022
- 28.03.2022
- 16.05.2022

Forslag til revidert forskrift etter dette i stor grad basert på innspel frå arbeidsutval for delegering. Høyringsbrevet tar sikte på å synleggjere både arbeidsutvalet og fylkesdirektøren sine vurderingar, omsyn og arbeid. Det vert presisert at forslaget til revidert forskrift er lagt fram av fylkesdirektøren og ikkje av arbeidsutval for delegering. Arbeidsutval for delegering vil leggje fram si innstilling etter at forslag til revidert forskrift har vore ute på høyring.

Forslag til revidert forskrift vil ligge ute på høyring fram til 15.09.2022.

2. Nærare om forslag til endringar

Faste godtgjersler, frikjøp, ulike nivå og trappetrinn

Arbeidsutval for delegering har sidan møte 03.12.21 vore tydeleg på at det er nokre utfordringar knytt til reglane kring frikjøp. Det er for fylkesdirektøren vist til at det kan vere vanskeleg å kombinere politiske verv som til saman utgjer omlag 50 % i tillegg til arbeid utanfor politikken. Å vere frikjøpt 50 % kan vere utfordrande fordi det er vanskeleg å leve av frikjøpet aleine. Samstundes har ein erfart at nokre av verva er tyngre enn andre og at det kan gjere det vanskeleg å balansere det folkevalde vervet og jobb.

Fylkesdirektøren har etter dette arbeida fram ein ny modell for frikjøp. Denne vert kalla *trappetrinnsmodellen*, og vil bli omtala nedanfor.

Trappetrinnsmodell for godtgjersle

Etter dagens forskrift får ein godtgjersle ved å summere godtgjersle etter gjeldande reglar opp mot berekningsgrunnlaget. Berekningsgrunnlaget er 92 % av Stortingsrepresentantane si godtgjersle. Til dømes om ein er gruppeleiar og medlem av fylkesutvalet, får ein godtgjersle som gruppeleiar (etter

størrelse) og godtgjersle som medlem av fylkesutvalet. Dette kan til dømes vere 35 % for verv som gruppeleiar og 50 % som medlem av fylkesutvalet. I sum vil dette dømet gje godtgjersle på 85 % av berekningsgrunnlaget. Om ein kjem opp i minst 92 % godtgjersle vil ein få 100 % godtgjersle av berekningsgrunnlaget.

Under er eit døme på dagens modell og ny trappetrinnsmodell, der det er lagt inn redusert basisgodtgjersle for kvart medlem av fylkesutvalet, og samtidig er lagt inn tre trappetrinn for sum godtgjersle basert på alle verv i Vestland fylkeskommune. Følgjande føresetnadar er lagt til grunn:

I dag:

Dagens godtgjersle medlem fylkesutval: 50 %

Sum godtgjersle minst 92 % gjer 100 % godtgjersle av berekningsgrunnlaget

Ny trappetrinnsmodell:

Godtgjersle medlem fylkesutval: 35 %

Godtgjersle leiar kontrollutval: 35 %

Sum godtgjersle minst 55 % gjev 70 % godtgjersle av berekningsgrunnlaget

Sum godtgjersle minst 70 % gjev 85 % godtgjersle av berekningsgrunnlaget

Sum godtgjersle minst 85 % gjev 100 % godtgjersle av berekningsgrunnlaget

Om ein vel ein slik modell, vil dei som har sum av mange verv ikkje få endra godtgjersle i høve til i dag, nokre vil få auka godtgjersle, medan nokre av medlemmane i fylkesutvalet vil få redusert godtgjersle då det er lagt til grunn lågare basisgodtgjersle. Det er har vore ein viktig føresetnad at ny trappetrinnsmodell skal gje minimum balanse i høve til noverande modell. Effekten av ny trappetrinnsmodell vil da gje ein reduksjon på om lag 0,5 mill. kroner i høve til i dag. Tabellen under syner godtgjersle og tal personar i dagens modell og i ny trappetrinnsmodell:

Dagens modell					
Tal personer	Sum godtgjersle	Betalt godtgjersle	Kost	Kost per person	
3	100 %	100 %	3 654	1 218	
2	90 %	90 %	2 192	1 096	
2	85 %	85 %	2 071	1 035	
13	55 %	55 %	8 709	670	
20			16 626	831	
Ny trappetrinnsmodell					
Tal personer	Sum godtgjersle	Betalt godtgjersle	Kost	Kost per person	Endring pr person
3	85 %	100 %	3 654	1 218	-
2	75 %	90 %	2 192	1 096	-
2	70 %	85 %	2 071	1 035	-
5	55 %	70 %	4 263	853	183
8	40 %	40 %	3 898	487	183
20			16 078	804	
Endring kost			-548		

Kostnaden inkluderer godtgjersle som medlem av fylkesutvalet, tapt arbeidsforteneste, reiser, mat, møtelokale og andre kostnadar. Tal er basert på vedteke satsar og eller faktiske kostnadar førre år.

Særleg om trappetrinnsmodell føresetnad og vilkår

Slik trappetrinnsmodellen er lagt opp, og at føresetnaden er at ein skal vere i balanse i høve noverande modell, så vil fordelinga etter ny trappetrinnsmodell innebere ei omfordeling av midlane.

Dette inneberer at nokre verv får mindre betalt, medan andre verv får auka nivå i godtgjersla. Erfaringa tilseier at nokre verv inneberer meir ansvar og arbeid, og dermed bør ha høgare nivå på godtgjersla.

Fylkesdirektøren meiner trappetrinnsmodellen gjev auka fleksibilitet til folkevalde som har vervskombinasjonar som gjer at det kan vere vanskeleg å kombinere med arbeid utanfor politikken, særleg for dei folkevalde som har vervskombinasjonar over 55 %. Arbeidsutval for delegering har i møta vore positiv til trappetrinnsmodellen.

I møte 16.05.2022 la arbeidsutval for delegering fram forslag om at modellen må ha som føresetnad at *alle* som kjem inn under trappetrinnsmodellen skal ha rett til 15 % påslag. Det bør ikkje vere slik at den folkevalde må treffe på akkurat 70 % for å gå opp til 85 % slik som modellen skisserer. Dersom ein folkevald har verv som utgjer til dømes 60 % så bør han likevel få 15 % påslag. Fylkesdirektøren meiner forslaget er godt, og er ei nyttig og viktig presisering. Først og fremst fordi det er viktig at ein slik modell er fleksibel og framleis kan nyttast dersom det vert endringar i tal verv, kombinasjonar og storleiken på desse. Fylkesdirektøren har difor presisert dette i forslag til revidert forskrift.

Slik trappetrinnsmodell er skissert, så må det ligge klare føresetnader og vilkår til grunn dersom den folkevalde ønsker å nytte trappetrinnsmodellen. Utgangspunktet bør vere at den folkevalde sjølv skal kunne velgje om han vil følgje trappetrinnsmodellen dersom han kjem opp i vervskombinasjonar som gjev 55 % eller meir. Spørsmålet er om den folkevalde ønsker å fortsette/ha arbeid ved sidan av vernet som folkevald.

Fylkesdirektøren legg etter dette til grunn at dersom ein folkevald har eit verv på 55 % og ønsker seg frikjøpt opp til 70 %, så bør ikkje arbeid utanom bli meir enn at det til saman vert 100 % arbeid. Det same vil gjelde dei andre nivåa i trappetrinnsmodellen.

På den andre sida bør ein folkevald som ikkje vil følge trappetrinnsmodellen kunne få arbeide ved sidan av sine folkevalde verv utan at det vert sett vilkår knytt til stillingsprosent eller liknande.

Fylkesdirektøren viser til Bergen kommune si regulering i Forskrift om folkevalgtes rett til godtgjøring og velferdsgoder i Bergen kommune § 5 første ledd bokstav f og annet ledd:

«Godtgjørelse for hel- eller deltidsverv forutsetter at godtgjort stillingsandel og annet lønnet arbeid ikke overstiger full stilling.

Forretningsutvalget kan dispensere fra punkt f) i særlige tilfeller. Det må da sannsynliggjøres at stilling ut over 100 % ikke vil gå ut over representantenes forventede innsats som folkevalgt eller for annen arbeidsgiver».

Fylkesdirektøren meiner at Vestland fylkeskommune og bør ha likande vilkår i forskrifterna dersom ein skal nytte trappetrinnsmodellen. Til samanlikning med Bergen kommune, så ønsker fylkesdirektøren at dei folkevalde i Vestland fylkeskommune skal kunne velgje sitt eige utgangspunkt. Dette gjer at dei som har arbeid det ikkje er mogleg å gå i frå framleis kan arbeide, medan dei som ønsker å drive politikk fulltid kan gjere det.

Fylkesdirektøren vil og peike på det i forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune i § 2-5 er gjort ei avgrensing for frikjøpt av roller at det er i «kraft av si rolle» ein er frikjøpt. Fylkesdirektøren meiner det må vere slik at folkevalde som er frikjøpt etter trappetrinnsmodellen skal vere fullt ut frikjøpt utan avgrensingar. Bakgrunnen for dette er at når ein vel å vere frikjøpt utover den totale prosenten ein normalt ville fått, så må det og vere ei forventning om at frikjøpet og gjeld alle delar av dei verva den folkevalde har.

Kapittel 3 Møtegodtgjersle

Det er i forslaget til revidert forskrift ikkje gjort endring på nivå godtgjersle for dei folkevalde.

Det som likevel bør endrast er nivå på godtgjersle for medverknadsorgan for ungdom, Vestland Ungdomsutval. Vestland Ungdomsutval (heretter VU) er etter kommunelova § 5-2, jf. § 5-12 eit kommunalt organ på line med andre folkevalde organ, og har difor rett på møtegodtgjersle etter

forskrifta § 3-1 første ledd (som og gjeld for dei andre medverknadsorgana). Satsen for møtegodtgjersle er kr. 1510. I tillegg har leiar av VU etter forskrifa § 15-1 rett til godtgjering på 3% av berekningsgrunnlaget. Dette utgjer kr. 27 269.

VU har sidan 2020 og fram til 2022 hatt eit eige vedtak (fatta av fylkesting for ungdom) på at dei ikkje skal heve møtegodtgjersle eller tapt arbeidsforteneste fordi ein har ønskja at budsjettmidlane frå fylkestinget skal gå direkte til arbeid med deira eige planprogram, arrangering av Fylkesting for ungdom (FFU) og nettverkssamling for ungdommar i heile fylket. Det er og fleire landsomfattande prosjekt som VU vert invitert til å delta på. Utgifter til reise og opphold går difor ut av budsjettet til VU. Fylkesdirektøren er kjent med at fylkesting for ungdom i 2022 vedtok at dei no skal kunne krevje møtegodtgjersle og tapt arbeidsinntekt på lik line med dei andre folkevalde organa i Vestland fylkeskommune.

VU har etter reglement for folkevalde organ og delegering ei samansetnad på 9 medlemer. Det er og reglementslista at dei tre første varamedlemene har møteplikt. Omsynet til dette var at vara skulle vere så pass orientert om arbeidet i VU at det ikkje skulle vere problem å hoppe inn i eit møte eller prosjekt. Dette gjer at summen av møtegodtgjersle vert høg, og grip kraftig inn i budsjettet hjå VU. Eit slikt innhogg i budsjettet gjer at dei vert nøydd å prioritere; dei må til dømes vurdere møtehyppigkeit, tal reiser og kor mange av medlemene som skal kunne reise, arrangement i regi av VU osv.

Det er viktig å legge til rette for at VU får godgjort sitt arbeid samtidig som innafor sitt budsjett kan gjennomføre sin ungdomspolitikk.

Fylkesdirektøren har på denne bakgrunn sett til andre fylkeskommunar sine ordningar, og finn at fleire regulerer godtgjersle for ungdomsråd med 50 % av normal sats. Fylkesdirektøren vil difor synleggjere ulike ordningar i eit utval andre fylkeskommunar. Fylkesdirektøren vil gjere merksam på at ein ikkje veit kor store årsbudsjett dei ulike ungdomsråda har, eller korleis kontering ein har på utbetaling av møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for dei ulike ungdomsråda.

I Agder fylkeskommune får både leiar og medlemmer møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste, men møtegodtgjersla er halvparten av det dei folkevalde får. Dette ut gjer kr. 800 per møte. Ungdommane kan i tillegg krevje møtegodtgjersle for alle møter dei vert kalla inn til. Erfaring frå Agder fylkeskommune er at dette fungerer godt, at ungdommane er nøgde med ei slik løysing, og dei ser det som ein fordel at det ikkje går mykje av budsjettet.

I Møre og Romsdal fylkeskommune følgjer ungdommane same forskrift for godtgjersle som politikarane. Møteleiar får dobbel møtegodtgjersle. Det er og slik at ungdommane får møtegodtgjersle for berre ein dag sjølv om det er ei helgesamling. Skal dei møte på andre stader/møter får dei halv møtegodtgjersle. Dei har elles krav på tapt arbeidsforteneste etter den ulegitimerte satsen med mindre dei kan vise til legitimert tap. Denne er per 01.01.22 kr. 1925, men dersom det er teamsmøte i inntil 1 time er satsen kr. 963.

I Trøndelag fylkeskommune får medlemmene kr. 500 for møter som varer inntil fem timer, og kr. 700 for møter som varer lenger enn fem timer. Dette utgjer halvparten av satsen som dei folkevalde får etter forskrifa. Leiar av ungdomsrådet får eit tillegg på kr. 300 per møte der ein opptrer som møteleiar. Medlemmene av ungdomsrådet har etter forskrift ikkje rett til dekning av ulegitimert tap av arbeidsinntekt, berre for legitimert tap.

I Rogaland fylkeskommune er ikkje ungdomsrådet nemna konkret i forskrift, men det følger av deira eige vedtekter at

«Medlemmene av Ungdommens fylkesråd får møte- og reisegodtgjørelse etter reglement for «Forskrift om folkevalgtes godtgjøring og velferdsgoder i Rogaland fylkeskommune». Tapt arbeidsfortjeneste i forbindelse med møter dekkes i henhold til fylkeskommunens reglement».

Dette betyr at ungdomsrådet følger same modell som Møre og Romsdal fylkeskommune (og Vestland fylkeskommune). Satsen for møtegodtgjersle er kr. 2470 per møte for medlemer, medan møteleiar får kr. 3951 per møte. Varamedlem får kr. 1235 for møter som varer inntil fire timer, og kr. 2470 for møter som varer utover fire timer.

I Viken fylkeskommune følgjer ungdommane same forskrift for godtgjersle som politikarane. Medlemene får kr. 3384 per møtedag, medan leiar får 6768 per møtedag. Det er ikkje tvilsamt at Viken fylkeskommune ligg ein del høgare enn dei andre fylkeskommunane på nivå for godtgjersle, og skil seg såleis litt ut. Ungdomsrådet følger utover dette dei ordinære reglane for tapt arbeidsforteneste i forskrift.

Det er etter dette klart at det er ulike variantar for korleis ein skal godtgjere ungdomsråd. Ut frå situasjonen slik den er i dag vil fylkesdirektøren rå til at ein ser på ein modell slik ein finn i Agder - og Trøndelag fylkeskommune.

Skulle ein følgd Agder fylkeskommune kor møtegodtgjersla for ungdomsrådet er halvparten av satsen for møtegodtgjersle ville VU fått ei møtegodtgjersle på kr. 755 per møte. Det er uklart for fylkesdirektøren om møteleiar får ein høgare sats, men fylkesdirektøren vil uansett rå til at møteleiar for VU vert gjeve møtegodtgjersle etter ordinær sats. Dette vil da medføre at den årlege prosentsatsen på 3% fell bort.

Trøndelag fylkeskommune opererer med ein sats på kr. 500 per møte for møter som varer inntil fem timer, og kr. 700 for møter som varer lenger enn fem timer. Leiar får eit tillegg på kr. 300 (dette gjeld for alle i forskifta hjå Trøndelag). Fylkesdirektøren vil her og merke det same, nemleg at møteleiar bør få ordinær sats på møtegodtgjersla.

Forskjellen på dei to fylkeskommunane er at det er ei avgrensing i Trøndelag fylkeskommune opp mot den ulegitimerte satsen for tapt arbeidsforteneste. Fylkesdirektøren meiner at det ikkje bør vere ei avgrensing i Vestland fylkeskommune fordi det heng saman med reguleringa og argumentasjonsrekka ein har hatt kring kapittel 4 om vederlag for tapt arbeidsforteneste. Det er ikkje utenkeleg at nokre av medlemene er studentar, og da vert det urimeleg om ein skal avskjere dei ei stønad etter den ulegitimerte satsen for tapt arbeidsinntekt fordi at dei er medlem av VU.

Arbeidsutval for delegering var i møte 16.05.22 positiv til at nivå for møtegodtgjersle for VU vart halvert.

Fylkesdirektøren har etter dette lagt til grunn ei regulering i forslag til revidert forskrift som går ut på at VU får halv sats av vanleg møtegodtgjersle medan leiar av VU får normal sats. Medlemene av VU skal og ha krav på tapt arbeidsforteneste etter den ulegitimerte satsen etter kapittel 4. utover dette skal VU følge forskifta sine reguleringar på same måte som dei andre folkevalde.

Kapittel 4 Vederlag for tapt arbeidsinntekt

Det er kommunelova § 8-3 tredje ledd som heimlar rett til tapt arbeidsinntekt:

«Den som taper inntekt fordi han eller hun har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på erstatning opp til et visst beløp per dag. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik erstatning. Det skal fastsettes ulike satser for dokumenterte og ikke-dokumenterte tap.»

I tråd med kommunelova har forskifta § 4-1 annet ledd regulert at det skal vere ein sats for legitimert tap og ein for ulegitimert tap. I tredje ledd er det regulert at «Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntekstapet, vert vederlag gitt etter satsen for ulegitimert tap, såframtid tapet er sannsynleggjort».

Arbeidsutval for delegering peika på at det omgrepet «ulegitimert tap» må presiserast og definerast. Arbeidsutvalet har vist til at andre fylkeskommunar sine reguleringar.

Fylkesdirektøren gjorde i sak PS 2/22 22 *Status arbeid med revidering av forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune* greie for det rettslege grunnlaget kring legitimert og ulegitimert tap. Det vart i saka og vist til andre fylkeskommunar sine reguleringar, mellom anna Trøndelag fylkeskommune. Fylkesdirektøren stilte opp tre alternativ for regulering av ulegitimert tap som arbeidsutvalet vart bede om å ta stilling til:

«Ei løysing kunne vore å senka nivået på erstatninga og hatt ein modell lik som Trøndelag fylkeskommune. Ei anna løysing kunne vore at ein la opp til ein minstesats som vert utbetalte til alle folkevalde som ikkje kan legitimere tapet sitt, og at ein i tillegg hadde ein høgare sats til dei som kan/vil sannsynleggjere eit økonomisk tap. Ei tredje løysing vil vere å ikkje gjere noko.»

Arbeidsutvalet drøfta i møte 28.03.22 dei ulike alternativa, og konkluderte med at Trøndelag fylkeskommune sin modell vil vere best eigna. Dette inneber at alle som ikkje kan legitimere eit inntektstap vil ha rett til ein ulegitimert sats uavhengig om denne kan sannsynleggjeraast eller ikkje. I møte 16.05.2022 var arbeidsutval for delegering samråystes i at satsen for erstatning for ulegitimert tap skulle vere på kr. 1000 per møtedag. Fylkesdirektøren har innarbeida ulegitimert tap i inntekt for alle folkevalde, som ikkje har legitimerte tap, på kr. 1000 per møtedag i forslag til revidert forskrift.

Fylkesdirektøren vil til sist vise til at ein endrar omgrepa ein nyttar i forskrifta. Det var kommunelova av 1992 som nyttja omgrepa «legitimert» og «ulegitimert». Ny kommunelov av 2018 bruker omgrepa «dokumentert» og «ikkje-dokumentert», og fylkesdirektøren meiner det er ein fordel at forskriften nyttar same omgrep som kommunelova.

Særleg om § 4-4 Sjølvstendig næringsdrivande

Arbeidsutvalet peika i møte 24.02.22 på at det for nokre folkevalde er ei utfordring at ein lid økonomisk tap i ein storleiksorden som er langt høgare enn den legitimerte satsen ein finn i forskriften.

I møte 28.03.22 bad arbeidsutval for delegering om ei oversikt som synar forskjellar og likskap mellom Vestland og andre fylkeskommunar. Fylkesdirektøren vil i tabellen under skissere opp dei ulike satsane i utvalde kommunar:

Fylkeskommune/kommune	Ulegitimert sats	Legitimert sats
Vestland fylkeskommune	Inntil kr. 1620	Inntil kr. 4315
Viken fylkeskommune	Inntil kr. 2000	Inntil kr. 4000
Rogaland fylkeskommune	-	Inntil kr. 4500. Folkevalde som er sjølvstendig næringsdrivande kan berekne gjennomsnittet av tapt inntekt. Årlig underskrive eigenerklæring om berekning av dagsats vert å sjå som legitimasjon som tapt inntekt, maksimalt kr. 4500 netto per dag.
Møre og Romsdal fylkeskommune	Frå forskriften: Andre utan vanleg lønsinntekt som har tap og utgifter som ikkje kan legitimeraast i samband med utføring av fylkeskommunen sine vervt, får erstatning på 1 875 kroner pr. tapt heil arbeidsdag. I særlege høve kan fylkesutvalet dispensere frå satsen for erstatning når denne gir urimeleg låg dekning for tapet.	Maksimalt beløp som vert erstatta er tilsvarande ei dagløn for fylkesordføraren per tapte arbeidsdag (årleg godtgjering kr. 1 276 788). Med utgangspunkt i 260 arbeidsdagar vert dette kr. 4910 per møtedag. For kortare fråvær enn 7,5 time pr. dag blir maksimalsatsen redusert tilsvarande. Ved særskilde høve kan fylkesordføraren godkjenne høgare dokumenterte krav. Sjølvstendige næringsdrivande skal legge fram likningsattest og utskrift av likninga. Tap pr. dag blir utrekna etter personinntekt frå næringsverksemdividert på 260 dagar. Kapital-, leige- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærvær på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget. Dersom likningsutskriften ikkje gir nok opplysningar for utrekning av det reelle tapet, kan ein i tillegg legge ved eiga fråsegn med ei utrekning av inntektstapet som kan godkjennast av fylkesordføraren.

Trøndelag fylkeskommune	Kr. 800	Frå § 12 (2): Maksimalt tilsvarende en dags godtgjøring for heltidsfolkevalgt med tillegg av feriepenger og arbeidsgiveravgift.
Oslo fylkeskommune	Inntil kr. 2586	Inntil kr. 3921
Nordland fylkeskommune	Inntil kr. 1128	Inntil kr. 4850

Oversikta syner at det er nokre forskjellar mellom dei ulike fylkeskommunane. Det er eit lovfesta krav at erstatning for tap i arbeidsinntekt skal regulerast etter ein maksimal sats, jf. ordlyden «erstatning opp til et visst beløp per dag» i kommunelova § 8-3 tredje ledd. Møre og Romsdal fylkeskommune har likevel eit unntak der fylkesordførar er gjeve mynde til å godkjenne høgare dokumenterte krav, sjå ovanfor i tabellen. Dette vil kunne vere eit alternativ for Vestland fylkeskommune dersom det er sjølvstendig næringsdrivande som lid store økonomiske tap. Fylkesdirektøren vil poengtere at ein da likevel må ha eit maksbeløp fylkesordføraren må halde seg innanfor. Eit anna alternativ vil vere å auke satsen for legitimert tap i inntekt. Både Rogaland fylkeskommune og Nordland fylkeskommune har høgare sats samanlikna med Vestland fylkeskommune.

Arbeidsutvalet stilte og spørsmål i møte 28.03.22 om kor mange representantar som krev legitimert tap i inntekt opp mot maksgrensa. Fylkesdirektøren har sett på fylkestinget sine møter det siste året, og finn at det er fire representantar som har satt fram krav om utbetaling opp til maksimum sats.

I møte 16.05.22 diskuterte arbeidsutval for delegering om det var behov for endring på dette punkt, og la fram følgjande alternative løysing:

«Den legitimerte/dokumenterte satsen for inntekt vert satt opp til kr. 4800. Fylkesordførar kan i særskilde høve godkjenne høgare dokumenterte krav på inntil kr. 8000».

Fylkesdirektøren tar dette til etterretning og har innarbeida dette i forslag til revidert forskrift.

Kapittel 5 Godtgjersle ved deltaking på gruppemøte, kurs, synfaring og liknande

Arbeidsutval for delegering har ikkje hatt innspel til dette kapittelet. Fylkesdirektøren ønskjer her å gjere ei mindre presisering i § 5-1 om gruppemøte. Det er regulert at gruppemøte i forkant av fylkestinget er å sjå som ein del av fylkestingsmøta. Fylkesdirektøren vil foreslå at ein her famnar om alle møter kor det vert halde gruppemøte i forkant.

Kapittel 7 Skyss og køyregodtgjersler m.m

Fylkesdirektøren er kjent med at det ved fleire høve har vore stilt spørsmål til innhaldet i kapittel 7. Dette gjeld særleg § 7-3 om overnattingsgodtgjersle. Arbeidsutval for delegering har peika på utfordringar når det kjem til kravet om avstand for å få overnatting dekka av fylkeskommunen. Dei meiner at kravet på 100 km. med bil eller 1,5 time med kollektivtrafikk er for strengt, og at avstandskrava i reglane bør vere tilsvarende dei ein finn i Stortinget sine reglement.

Det er «Retningslinjer for tildeling av Stortingets pendlerboliger» § 1 tredje ledd, første setning som regulerer rett til overnatting/husvære for stortingsrepresentantene:

«Stortingsrepresentanter som er folkeregistrert, faktisk bosatt eller selv disponerer bolig innenfor 40 km i kjørelengde fra Stortinget har ikke rett til pendlerbolig.»

Kommunelova § 8-3 første ledd legg ingen føringer for korleis kravet om avstand skal regulerast, og fylkesdirektøren er samd med arbeidsutval for delegering i at avstandskravet i forskriften bør følge Stortinget sine retningsliner. Det same vil fylkesdirektøren og legge til grunn ved presisering i kapittel 10, sjå under. På den bakgrunn er det i forslaget lagt til grunn eit avstandskrav på 40 km med bil og 45 minutt med kollektivtrafikk.

Forslaget vil medføre ei auke i kostnadene i storleiksordenen 100-300 tusen kvart år.

Arbeidsutvalet var i møte 28.03.22 positiv til eit slikt avstandskrav som skissert. Dette vert difor lagt til grunn i forslaget til revidert forskrift.

Kapittel 10 Ordningar for fylkesordførar og fylkesvaraordførar

Arbeidsutval for delegering har peika på at det i § 10-1 om husvære til fylkesordførar og fylkesvaraordførar ikkje ligg inne noko avstandsavgrensing til dekka husvære. Det er også her argumentert at det bør vere lik regulering som for stortingsrepresentantane, og fylkesdirektøren er samd med arbeidsutval for delegering. Det vert vist til utgreiinga ovanfor i kapittel 7.

I møte 28.03.22 stilte arbeidsutvalet spørsmål ved fylkesvaraordførar sitt behov for husvære. Fylkesdirektøren oppfatta at det var eit spørsmål om fylkesvaraordførar sine arbeidsoppgåver var av ein slik art at det var naudsynt med husvære på same måte som for fylkesordførar. Ein gruppeleiar vil til dømes kunne ha vel så omfattande oppgåver, og det vart stilt spørsmål om også dei skulle ha høve til husvære regulert etter forskrifta. Det var etter dette arbeidsutvalet si oppfatning at det ikkje var naudsynt å regulere husvære for fylkesvaraordførar i forskrifta.

Fylkesdirektøren har ikkje andre synspunkt eller vurderingar på dette punkt, og vil legge til grunn arbeidsutvalet sine vurderingar i forslag til revidert forskrift.

Fylkesdirektøren har etter dette slikt forslag til tillegg i § 10-1:

Forslag til tillegg:

Dette gjeld likevel ikkje når fylkesordførar bur nærmare enn 40 km. i køyreavstand til administrasjonsstaden i Bergen.

Kapittel 12 Ettergodtgjersle.

Rettar kring ettergodtgjersle vart først lovfesta i kommunelova av 2018 i § 8-6. Førearbeida viser til at det gjennom ei årrekke har vore ein etablert praksis med ettergodtgjersle i kommunar og fylkeskommunar, og lovgjevar såg det difor som viktig og riktig at dette vart regulert gjennom lov.

Heimelen lyd slik i kommunelova § 8-6:

«Folkevalgte som har vervet som sin hovedbeskjeftigelse, kan søke om ettergodtgjøring når de fratrer vervet. Kommunestyret eller fylkestinget skal selv gi forskrift om lengden slik ettergodtgjøring kan ha, men ikke utover alminnelig oppsigelsestid for fast ansatte i kommunen eller fylkeskommunen.

Retten til ettergodtgjøring skal avkortes krone for krone mot annen inntekt. Det samme gjelder for ordinær inntekt som den folkevalgte frivillig avstår fra.

Pensjonsinntekter etter folketrygdloven kapittel 19 og kapittel 20 skal ikke anses som inntekt etter andre ledd.»

Det legislative omsynet er enkelt; Den som har teke til eit verv som krev at ein avstår frå sitt arbeid skal kunne vere sikra eit visst sikkerheitsnett dersom ein ikkje har arbeid å gå til etter at vervet som folkevald er ferdig. Det er utover ordlyden i første ledd opp til fylkestinget å bestemme korleis ein til dømes tolkar «hovedbeskjeftigelse». Fylkesdirektøren vil vise til at ettergodtgjersle er regulert slik i forskrifta § 12-1:

«Folkevald som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av berekningsgrunnlaget og som ikkje vert attvald, som fratrer vervet eller som får vervet redusert, kan søke om å få ettergodtgjersle slik:

a. Folkevald som ikkje har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i tre månader.

b. Folkevald som har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i ein og ein halv månad.

Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkomande hadde, ev. differansen mellom denne og ny godtgjersle.»

Arbeidsutval for delegering hadde i møte 24.02.222 eit innspel knytt til § 12-1 bokstav b; ettergodtgjersla for ein folkevald som har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i 1 månad i staden for

1,5 månad. Fylkesdirektøren oppfatta at grunngjevinga for dette er at ein ikkje ser det som naudsynt med så lang ettergodtgjersle når ein har arbeid å gå til.

Det er ingenting i kommunelova som er til hinder for å korte ned ettergodtgjersla for ein folkevald som arbeid å gå til. I den samanheng kan fylkesdirektøren påpeike at det ikkje er eit krav i det heile at folkevalde skal ha krav på etterlønn når ein har arbeid å gå til.

Det er likevel fleire kommunar som praktiserer etterlønn på 1,5 månad når den folkevalde har arbeid å gå til. Dette gjeld mellom anna har fylkeskommunar som Rogaland, Innlandet og Viken. På den andre sida har til dømes fylkeskommunane Møre og Romsdal og Trøndelag ikkje ei slik regulering.

I møte 28.03.22 konkluderte arbeidsutvalet med at det bør vere ei etterløn på 1 månad etter at perioden er over sjølv om ein har arbeid å gå til. Bakgrunnen for dette er at den folkevalde ikkje har opparbeida feriepengar, og at det difor bør vere ein slik kompenasjon.

Fylkesdirektøren tar dette til etterretning og har innarbeidd endringar i forslag til revidert forskrift.

Fylkesdirektøren vil etter dette og trekke frem kommunelova § 8-6 annet ledd:

«Retten til ettergodtgjøring skal avkortes krone for krone mot annen inntekt. Det samme gjelder for ordinær inntekt som den folkevalgte frivillig avstår fra.»

Slik forskrifta § 12-1 er i dag, så er ikkje dette regulert. Fylkesdirektøren vil peike på ordlyden «*skal*», og må framheve at det er eit krav at Vestland fylkeskommune praktiserer etterlønn med avkorting mot anna inntekt. Fylkesdirektøren har difor tatt ordlyden i kommunelova § 8-6 annet ledd inn i § 12-1.

Kapittel 15 Regulativ for godtgjersle og vederlag til folkevalde

Kapittel 15 i forskriftera er ei oversikt over alle satsar godtgjersler for dei folkevalde. Fylkesdirektøren vil her gjere nokre språklege justeringar i tillegg til at nokre konkrete beløp vert fjerna. Det er ei utfordring at forskriftera ligg inne med beløp som jamt må oppdaterast fordi det kjem nye satsar. Dette gjeld særleg den årlege reguleringa av Stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Å oppdatere beløp i forskriftera er i seg sjølv ikkje mykje arbeid, men det er ein større prosess å få meldt inn endringar til Lovdata (kor alle forskrifter etter lov *skal* publiseras). Det er krav om at alle endringar som vert gjort skal ha notoritet. Og da blir det mye historikk som gjer at det kan bli vanskeleg å spore dei større endringane som vert gjort – til dømes gjennom revidering før ny fylkestingsperiode.

Konkrete beløp som ikkje vert endra like ofte meiner fylkesdirektøren likevel bør stå. Dette er beløp som ikkje kan reknast ut gjennom prosentsatsar.

Som følge av dette vil fylkesdirektøren ta bort siste ledd i forskriftera § 1-1.

Opposisjonstilskot

Arbeidsutvalet har vist til ordninga med opposisjonstillegg slik den var i Hordaland fylkeskommune, og bad i møte 28.03.22 om ei utgreiing av eit slikt tilskot til møte 16.05.22. Det er halde fram at fleire av partigruppene som sitt i opposisjon har utfordringar knytt til økonomi som følge av styrkeforholdet ein får mellom posisjon og opposisjon når ein kjem til fordeling av dei tyngste verva. Slik forskriftera er lagt opp er det dei tyngste verva som er best betalt og posisjonspartia får difor ein større fordel økonomisk sett.

Fylkesdirektøren vil først vise til at det ikkje var ei slik ordning/regulering i tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune. I Hordaland fylkeskommune var det satt opp slik støtte til dei politiske gruppene i fylkestinget:

- Grunnstønad
- Stønad per representant

- Stemmestøtte
- Tilskot til opposisjonsgruppene

Tilskot til opposisjonspartia vart vedteke i fylkestinget i Hordaland i PS 75/11 punkt 1:

«1. Det vert oppretta ei 100 % stilling som rådgjevar for fylkesordføraren. Fylkesutvalet har tilsetjingsmynde etter innstilling frå fylkesordføraren.

Ekstratilskot innanfor ei ramme på 600.000 kr: 30.000 kr. i støtte til kvar gruppe i opposisjon, deretter tilskot til opposisjonsgruppene basert på eit tilskot pr. representant. Reglementet vert endra tilsvarende.»

Det har sidan 2011 vore budsjettet med eit opposisjonstilskot kvart år. I 2019 la fylkesdirektøren opp til eit samla tilskot på kr. 721 000. Grunntilskotet til kvar opposisjonsgruppe var kr. 36 000 og resten vart fordelt per representant i opposisjonspartia. Opposisjonstilskotet vart ikkje vidareført i budsjetter når Hordaland- og Sogn og Fjordane fylkeskommune slo seg saman.

Fylkesdirektøren har sett til andre fylkeskommunar når det kjem til praksis rundt støtte til opposisjon. I Viken fylkeskommune følger det av godtgjerslereglementet punkt 6.1.2 at

«Det gis et tillegg på 5,5 % av basis for hver representant i partiene i fylkestinget som ikke sitter i fylkesrådet. Det forutsettes at støtten brukes til fylkeskommunalt arbeid og ikke generelt partiarbeid.»

Dette utgjer totalt kr. 62.043 til kvar representant i fylkestinget som ikkje sitt i fylkesrådet i Viken fylkeskommune.

I Nordland fylkeskommune følger det av godtgjerslereglementet punkt 2.5 første avsnitt (fylkesdirektøren si understrekning):

«Partigrupper og uavhengige representanter ytes en årlig støtte på 1,5 % av basis pr. representant, og opposisjonen, jfr. pkt.2.2, ytes i tillegg en årlig støtte på 2,5 % av basis pr. representant. Støtten skal gå til dekning av utgifter for representantene i forbindelse med møter, studieturer, konferanser, honorar, sekretærbistand, utredningsbistand etc. Midlene kan ikke brukes til frikjøp, i dette reglementets betydning.»

Dette utgjer totalt kr. 28 201 per representant i Nordland fylkeskommune. Merk at både Viken- og Nordland fylkeskommune er styrt etter parlamentarisk modell, og ikkje formannskapsmodellen slik som Vestland fylkeskommune. Omsyna vil likevel vere gjeldande også for formannskapsmodellen – nemleg styrkeforholdet mellom posisjon og opposisjon. Eit anna viktig aspekt er storleiken på fylkeskommunen og kor mange tunge verv som er disponibele. Vestland fylkeskommune har blitt ein relativt stor fylkeskommune etter samanslåinga. Dette gjer at det vil vere aktuelt med eit opposisjonstilskot også i Vestland fylkeskommune.

Til møte i arbeidsutval for delegering 16.05.22 la fylkesdirektøren fram følgjande forslag til regulering i tråd med Hordaland fylkeskommune sin modell: Fylkesdirektøren føreslo eit samla tilskot på kr. 800 000, med kr. 40 000 til kvar av opposisjonsgruppene og resten fordelt per representant i opposisjonen. Dette vil utgjere ei auke på 11% frå reguleringa i 2019. Dette sikrar ein lik sum for alle opposisjonsgruppene og så får ein fordelt det resterande tilskotet i høve til tal representantar. Beløpet på eit slikt eventuelt opposisjonstilskot vil da regulerast årleg i samband budsjettprosessen.

Fylkesdirektøren tok etterhald om at eit opposisjonstilskot vil medføre auke i budsjettet så framtid det ikkje vert går inn under andre innsparingar under revidering av forskrifta.

Arbeidsutval for delegering la i møte 16.05.2022 til grunn at det bør vere eit opposisjonstilskot. Arbeidsutval for delegering skisserte ei alternativ løysing til fylkesdirektøren sitt forslag: Alle opposisjonsgrupper får 25 % høgare stønad samanlikna med posisjonsgruppene.

Det er i dag 11 parti representert i fylkestinget. Av desse er 6 av partia i posisjon. Dette betyr at det er 5 parti i opposisjon. Fylkesdirektøren har gjort ei utrekning på kva forslaget til arbeidsutval for delegering vil koste:

Fordeling av partistøtte 2022

Totalbudsjett	11 800 000
Grunnstønad 15 %	1 770 000
Fordeling etter røyster	10 030 000

	<u>Grunnstønad</u>	<u>Fordeling etter røyster</u>	<u>Sum</u>	<u>25 % påslag</u>
Arbeiderpartiet	160 909	2 082 278	2 243 187	
Høgre	160 909	1 828 874	1 989 783	497 445
Senterpartiet	160 909	1 607 269	1 768 178	
Folkets parti FNB	160 909	928 511	1 089 420	272 355
Fremskrittspartiet	160 909	877 541	1 038 450	259 612
Miljøpartiet Dei Grøne	160 909	729 399	890 308	
Sosialistisk Venstreparti	160 909	649 524	810 433	
Kristeleg Folkeparti	160 909	499 146	660 055	
Venstre	160 909	362 447	523 356	
Rødt	160 909	350 411	511 320	127 830
Pensjonistpartiet	160 909	114 601	275 510	68 877
	1 770 000	10 030 000	11 800 000	1 226 119

Fylkesdirektøren vil merke at arbeidsutval for delegering sitt forslag vil medføre ei auke på kr. 1,2 mill. årleg. Skulle tilfellet vore at partia som i dag er i posisjon hadde vore i opposisjon så ville summen vore kr. 1,7 mill. Sjølv med potensiell innsparing etter trappetrinnsmodellen på kr. 500 000, så vil det ligge til grunn ei auke i budsjett.

Fylkesdirektøren oppfatta at det var politisk semje om arbeidsutval for delegering si løysing, og vil difor legge denne til grunn til forslag til revidert forskrift.

Språklege endringar og presiseringar i forskrifa

Kapittel 7 Skyss og køyregodtgjersler m.m.

Av kommunelova § 8-3 første ledd følger:

«Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik godtgjøring.»

Etter kommunelova er vilkåret for å krevje skyss-, kost- og overnattingsgjersle at ein har eit fylkeskommunalt tillitsverv. Av forarbeida (Prp. 46 L 2017-2018 s. 318 flg.) går det fram at fylkeskommunalt tillitsverv er å sjå som følgjande:

«Dette omfatter for det første alle som er medlem av kommunale eller fylkeskommunale folkevalgte organer, enten de er opprettet i medhold av kommuneloven eller særlov. For det andre omfattes de tilfeller hvor kommunen eller fylkeskommunen velger medlemmer til statlige organer på kommunalt eller fylkeskommunalt nivå. Normalt vil det også være snakk om et kommunalt tillitsverv der en lov regulerer at kommunen eller fylkeskommunen skal velge ett eller flere medlemmer til et organ.»

For å sikre at forskrifa er i tråd med lovgjevar sin intensjon og for å sikre einsarta praksis, foreslår fylkesdirektøren gjennomgående bruk av ordlyden Den som har eit fylkeskommunalt tillitsverv...» i heile kapittel 7. Dette inneber at valde representantar til aksjeselskap, stiftingar, organisasjonar, forum mv. ikkje vil ha krav på refusjon av reiseutgifter etter forskrifa. Merk at denne avgrensinga ikkje avskjerer retten til møtegodtgjersle etter § 3-1 annet ledd.

Kapittel 4 Vederlag for tapt arbeidsinntekt

Av kommunelova § 8-3 tredje ledd følger:

«Den som taper inntekt fordi han eller hun har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på erstatning opp til et visst beløp per dag. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik erstatning. Det skal fastsettes ulike satser for dokumenterte og ikke-dokumenterte tap.»

For å sikre at forskrifa er i tråd med lovgjevar sin intensjon og for å sikre einsarta praksis, foreslår fylkesdirektøren i § 4-1 bruk av ordlyden «Den som har eit fylkeskommunalt tillitsverv...». Dette inneber at valde representantar til aksjeselskap, stiftingar, organisasjonar, forum mv. ikkje vil ha krav på refusjon av reiseutgifter etter forskrifa.

Kapittel 3 Møtegodtgjersle

Av kommunelova § 8-4 følger:

«Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift for slik godtgjøring.»

Fylkesdirektøren gjer merksam på at forskrifa § 3-1 andre ledd går utover lova si ordning, då òg valde representantar til aksjeselskap, stiftingar, organisasjonar, forum mv. vil ha krav på 50 % av sats for møtegodtgjersle i dei høve organet sjølv ikkje dekker slik godtgjersle. Fylkesdirektøren foreslår likevel at ein held fast ved noverande regulering i forskrifa § 3-1 første og andre ledd.

Kapittel 5 Godtgjersle ved deltaking på gruppemøte, kurs, synfaring og liknande

Arbeidsutval for delegering har ikkje hatt innspel til dette kapittelet. Fylkesdirektøren ønskjer her å gjere ei mindre presisering i § 5-1 om gruppemøte. Det er regulert at gruppemøte i forkant av fylkestinget er å sjå som ein del av fylkestingsmøta. Fylkesdirektøren vil foreslå at ein her famnar om alle møter kor det vert halde gruppemøte i forkant.

Fylkesdirektøren tek atterhald om at det vil komme andre behov for språklege presiseringar eller endringar i løpet av revideringsperioden.

Avsluttande merknader frå fylkesdirektøren

Fylkesdirektøren vil oppfordre alle som fell inn under verkeområde til forskrifa og komme med høyringsuttale. Slik fylkesdirektøren poengterte i innleiinga, så er forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune eit dokument med stort politisk handlingsrom.

Forslag til forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune

Fastsett av fylkestinget i Vestland fylkeskommune 15. oktober 2019 med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) §§ 8-1, 8-2, 8-3, 8-4, 8-5, 8-6 og 8-10.

Kapittel 1 Forskriftas føremål

§ 1-1 Forskriftas føremål

Forskrifta har til føremål å sikre folkevalde kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsinntekt og dekking av reelle utgifter i samband med utøving av vervet.

Forskrifta gjeld for folkevalde medlem og varamedlem av fylkestinget og andre fylkeskommunale organ som har heimel i kommunelova eller særlov, og organ kor medlem er oppnemnd av eller etter fullmakt frå fylkestinget. I tillegg gjeld reglementet for fylkeskommunane sine tillitsvalde i fylkeskommunale organ.

Forskrifta skal gjennomgå revidering og vedtakast i løpet av første halvår av valåret når det er fylkestingsval.

Forskrifta er utarbeidd med grunnlag i kommunelova av 2018 kapittel 8.

Kapittel 2 Faste godtgjersler

§ 2-1 Faste godtgjersler

Følgjande folkevalde skal ha faste godtgjersler:

- a. Fylkesordførar
- b. Fylkesvaraordførar
- c. Fylkestingsmedlemene
- d. Fylkesutvalsmedlemene
- e. Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet
- f. Nestleiarane for hovudutvala og kontrollutvalet
- g. Hovudutvalsmedlemene
- h. Kontrollutvalsmedlemene
- i. Leiarane for:

Yrkesopplæringsnemnda

Fylkeseldrerådet

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Vestland ungdomsutval

Trafikktryggingsutvalet

Styret for fagskuleutdanninga

Klagenemnda

§ 2-2 Fylkesordførar

Godtgjersla vert fastsett for kvar valperiode av det konstituerande fylkestinget. Godtgjersla skal justerast årleg tilsvarende lønsutviklinga til stortingsrepresentantane.

§ 2-3 Fylkesvaraordførar

Godtgjersla er sett til stortingsrepresentantane si godtgjersle.

§ 2-4 Andre folkevalde

Godtgjersla til folkevalde, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførar, vert berekna med grunnlag i 92 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Folkevalde kan ha fleire ulike funksjonar og dermed krav på godtgjersla som hører til kvar enkelt funksjon. Likevel skal ikkje summen av faste godtgjersler overstige 92 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle.

§ 2-5 Godtgjersle til ulike politiske funksjonar og roller

Fylkesutvalsmedlemene, leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet og gruppeleiarane for partigruppene i fylkestinget vert frikjøpte i si rolle. Det inneber at ein mottek ei fast godtgjersle i staden for dekking av tapt arbeidsinntekt og arbeidsgodtgjersle, jf. kommunelova § 8-5. Som fylkesutvalsmedlem vert ein frikjøpt med grunnlag i 35 % av berekningsgrunnlaget. Funksjonen som fylkesutvalsmedlem inneber at ein òg sit i eit hovudutval. Godtgjersla som fylkesutvalsmedlem skal òg dekke rolla som hovudutvalsmedlem. Fylkesutvalsmedlemene får difor ikkje fast godtgjersle som hovudutvalsmedlem, møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt for møte i hovudutvala. Viss ein vert nestleiar i eit hovudutval får ein ei ytterlegare godtgjersle på 5 % av grunnlaget. Fylkesutvalsmedlem som vel frikjøp etter trappetrinnsmodellen i § 2-7 vert å sjå som fullt ut frikjøpt uavhengig av rollar.

Som leiar av kontrollutvalet vert ein frikjøpt med grunnlag i 35 % av berekningsgrunnlaget. Funksjonen som leiar inneber at når ein møter i kraft av rolla som hovudutvalsleiar eller kontrollutvalsleiar, ikkje får utbetalt møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Som leiar i eit av hovudutvala vert ein frikjøpt med grunnlag i 50 % av berekningsgrunnlaget. Funksjonen som leiar inneber at når ein møter i kraft av rolla som hovudutvalsleiar, ikkje får utbetalt møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt. Hovudutvalsleiar som vel frikjøp etter trappetrinnsmodellen i § 2-7 vert å sjå som fullt ut frikjøpt og får ikkje utbetalt møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt for andre rollar.

Gruppeleiarane i partia vert frikjøpt med grunnlag i 35 % - 50 % av berekningsgrunnlaget. Gruppeleiarane si godtgjersle vert differensiert i to intervall etter tal representantar i fylkestinget: 35% frå 1-9 representantar og 50% for 10 eller meir. Rolla som gruppeleiar inneber å leie og koordinere det politiske arbeidet som partigruppa utøver i fylkestinget. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle, vederlag for tapt arbeidsinntekt, førebuing og deltaking i møter, konferanse, synfaring m.m. Gruppeleiarane får difor ikkje fast godtgjersle som fylkestingsmedlem, møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt for møte i fylkestinget. Gruppeleiarar som vel frikjøp etter trappetrinnsmodellen i § 2-7 vert å sjå som fullt ut frikjøpt og får ikkje utbetalt møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt for andre rollar

Dersom fylkesvaraordførar er gruppeleiar, vert gruppeleiar godtgjersla overført til partigruppa. I slike tilfelle fordeler partigruppa midlane sjølve. Godtgjersla vert utbetalt på grunnlag av gruppeleiaren sin attestasjon.

§ 2-6 Frikjøp tilsvarande heil stilling

Fylkesordførar og fylkesvaraordførar og andre folkevalde som i sum har faste godtgjersler tilsvarande 92 % av berekningsgrunnlaget skal reknast for å vere 100% frikjøpte.

Godtgjersla er ei totalgodtgjersle som omfattar fast godtgjersle, møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt for alle verv vedkomande har, der valet eller oppnemninga er resultat av direkte vedtak i eit fylkeskommunalt vedtaksorgan.

§ 2-7 Frikjøp etter trappetrinnsmodell

Folkevalde som i sum har faste godtgjersler frå 55 % og oppover, vil kunne velgje å frikjøpast med eit tillegg på 15 %.

Frikjøp etter trappetrinnsmodellen skal dekke alle funksjonar til den folkevalde, og er ikkje avgrensa etter kva rolle den folkevalde har, jf. § 2-4.

Den folkevalde som vel å frikjøpast etter trappetrinnsmodellen kan ikkje kombinere vernet med annet arbeid slik at stillingsprosenten vert over 100 %. Fylkesordførar kan gjere unntak i særleg høve. Det vert ikkje knytt same vilkår for den folkevalde som ikkje nyttar trappetrinnsmodellen.

§ 2-8 Reduksjon i fast godtgjersle og tilhøve til offentlege ytingar

Dersom ein representant har fråvær i meir enn 25% av møta, vert den faste godtgjersla redusert tilsvarende det totale fråværet. Dersom fråværet skuldast anna fylkeskommunal verksem, sjukdom, fødsels- og adopsjonspermisjon vert det ingen reduksjon i den faste godtgjersla. Fylkeskommunen betaler likevel ikkje godtgjersle lengre enn 12 mnd. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet.

I tilfelle kor fråvær skuldast sjukdom, fødsels- og adopsjonspermisjon vil fylkeskommunen betale ut differansen mellom ytingar utbetalt frå NAV og den godtgjersla den folkevalde får frå fylkeskommunen. Dette gjeld og ytingar utover 6G. Den folkevalde skal og ha full godtgjering dei første 16 dagane av sjukefråværet (arbeidsgivarperioden). Fylkeskommunen betaler likevel ikkje godtgjersle lengre enn 12 md. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet. Fylkeskommunen har ikkje innsynsrett inn mot NAV, og den folkevalde skal difor sende alle relevante vedtak snarast.

Årsak til fråværet skal opplysast og dokumenterast. Fylkesordføraren avgjer om fråværet skal telje med i «25% -regelen» i tvilstilfelle. Godtgjersla vert i alle høve ikkje betalt utover den perioden ein er vald for.

Dersom fylkesutvalet/hovudutvalet har samrådingar, synfaringar, temamøte eller liknande dagen før eller etter eit møte med saksbehandling, vert også denne dagen rekna som møtedag i høve til «25%-regelen».

§ 2-9 Fast godtgjersle til medlem

Varamedlem som møter i meir enn 25% av møta får prosentvis fast godtgjersle i høve til frammøte. Det vert då ikkje betalt møtegodtgjersle. Det same gjeld for nestleiarar som fungerer for leiar med fast godtgjersle. Det vert føreteke ei avrekning mot slutten av året for dei representantane dette er aktuelt for.

Kapittel 3 Møtegodtgjersle

§ 3-1 Møtegodtgjersle

Møtegodtgjersle for møtande representantar og varamedlem i fylkeskommunale organ oppretta etter kommunelova § 5-1 og 5-2, vert utbetalt for kvar møtedag i same organ. Medlem av ungdomsråd får likevel utbetalt berre halv møtegodtgjersle. Leiar for ungdomsrådet får utbetalt møtegodtgjersle etter vanleg sats.

Valde representantar til møter kor Vestland fylkeskommune har ei rolle, men som fell utanfor kommunelova § 5-1 og 5-2, får utbetalt møtegodtgjersle med 50 %. Godtgjersle vert likevel ikkje utbetalt når denne vert dekka av andre.

Representantane som har fast godtgjersle har ikkje krav på møtegodtgjersle for møte i det utvalet ein har fast godtgjersle i, eller når ein møter i kraft av si stilling som til dømes hovudutvalsleiar, fylkesutvalsmedlem, gruppeleiar m.m. Varamedlemer har krav på møtegodtgjersle.

Fylkesutvalmedlemene får ikkje møtegodtgjersle for møte som følgjer av fylkesutvalet sine andre roller og funksjonar. Leiarane av hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje møtegodtgjersle for møte der dei møter i eigenskap av hovudutvalsleiar/kontrollutvalsleiar. I begge tilfella gjeld dette møte i finansutvalet.

§ 3-2 Fleire møte same dag

Dersom folkevalde møter i fleire utval same dag, har ein rett på ei møtegodtgjersle per utval.

§ 3-3 Dobbel møtegodtgjersle

Utvaleiarar som ikkje har fast godtgjersle får dobbel møtegodtgjersle. Dette gjeld likevel ikkje leiar av ungdomsrådet som får enkel møtegodtgjersle for sitt verv, jf. § 3-1 første ledd.

Nestleiar eller andre, som ikkje har fast godtgjersle, som må leie heile møte i leiaren sitt fråvær, får dobbel møtegodtgjersle.

§ 3-4 Arbeidstakarrepresentantar

Arbeidstakarrepresentantar i folkevalde organ har same rettar til godtgjersle etter regulativet som dei folkevalde medlemene av organet.

Møtegodtgjersle vert ikkje gitt til arbeidstakarar som møter i kraft av si stilling.

Kapittel 4 Vederlag for tapt arbeidsinntekt

§ 4-1 Generelt

Den som har eit fylkeskommunalt tillitsverv skal ha vederlag for tap av inntekt som følgje av tillitsvervet. I særlege høve kan andre verv, etter fylkesordførar si avgjerd, gje rett til tapt arbeidsforteneste.

Det gjeld *ein* sats for dokumentert tap og *ein* sats for ikke-dokumentert tap tap, jf. § 15-1 i forskrifter. Satsane dekkjer tapt inntekt og feriepengar.

Det skal ligge føre dokumentasjon på inntektstapet. Studentar, pensjonistar og andre som ikkje har eit dokumentert tap av inntekt har i staden rett til ei utbetaling på kr. 1000 per møte i tillegg til møtegodtgjersla.

Fylkesdirektøren avgjer i kvart tilfelle om det ligg føre faktisk dokumentert inntektstap.

§ 4-2 Unntak

Gruppeleiarane, fylkesutvalsmedlemane, leiarane i hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje betalt vederlag for tapt arbeidsinntekt når dei møter i eigenskap av rolla si, jf. § 15-1 i forskrifter. Er dei frikjøpt etter trappetrinnsmodellen i § 2-7 vert dei å sjå som fullt ut frikjøpt uavhengig rollar.

Fylkesutvalsmedlemane får ikkje vederlag for tapt arbeidsinntekt for møte som følgje av fylkesutvalet sine spesielle funksjonar, t.d. funksjonen som finansutval.

§ 4-3 Personar med lønsinntekt

Tapt arbeidsinntekt bør dekkast ved at arbeidsgivar fakturerer fylkeskommunen direkte for fråvær, for å hindre at folkevalde taper pensjon. I slike tilfelle kjem arbeidsgivaravgifta i tillegg til satsane som er omtala i § 4-1.

§ 4-4 Sjølvstendig næringsdrivande

Dersom inntektstapet er større enn satsen for ulegitimert tap, kan inntektstapet dokumenterast med likningsattest for det siste året. Som alternativ kan ein ta utgangspunkt i gjennomsnittet for likningsattestane for dei tre siste åra.

Kapital- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærvær på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget. Det er den pensjonsgivande inntekta med fråtrekk for godtgjersla folkevalde har fått utbetalt frå fylkeskommunen som skal leggjast til grunn.

Inntektstapet pr. dag vert utrekna etter netto årsinntekt dividert på 260 dagar.

Fylkesordførar kan i særskilde høve godkjenne høgare dokumenterte krav på inntil kr. 8000.

§ 4-5 Personar utan lønsinntekt

Denne gruppa får dekka tap tilsvarende satsen for ulegitimert tap.

§ 4-6 Folkevald tilsett i fylkeskommunen

Folkevald som er tilsett i fylkeskommunen får utbetalt si ordinære løn i fylkeskommunen.

Ved fråvær utover 10 dagar per år kan vedkomande institusjon krevje refusjon for ev. vikarutgifter. Refusjonskrav vert å sende fylkesrådmannen.

Kapittel 5 Godtgjersler ved deltaking på gruppemøte, kurs, synfaring og liknande

§ 5-1 Gruppemøte

Gruppemøte som vert haldne i fylkestingsgruppene før opninga av fylkestinget, vert rekna som ein del av fylkestingsmøtet og gir ikkje grunnlag for eigne godtgjersler. Det same gjeld for andre folkevalde organ kor partigruppene har gruppemøte før møte.

§ 5-2 Kurs, konferanse o.l.

Ved deltaking på kurs, konferansar, folkemøte og liknande vert det gitt vederlag for tapt arbeidsinntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle. Det vert ikkje gjeve møtegodtgjersle. Det vert ikkje betalt vederlag for tapt arbeidsinntekt dersom ein deltek i eigenskap av rollene nemnt under § 2-5 i forskrifta.

Slik deltaking skal vera avtala og godkjent av fylkesordførar eller utvalsleiar.

§ 5-3 Synfaringar o.a arbeid utanfor møta

Ved deltaking på synfaringar og anna arbeid utanfor møta som vert gjort av det samla utvalet, vert det gitt møtegodtgjersle, vederlag for tapt arbeidsinntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle. Dette gjeld likevel ikkje for rollane nemnt under § 2-5 i forskrifta.

Første ledd gjeld og når utvalet, fylkesordførar eller fylkesrådmannen har bede om at ein eller fleire medlemer føretak synfaring.

§ 5-4 Særleg om reiser for gruppeleiarar

Alle parti sine gruppeleiarar skal ha rett til ei dekka reise kvar veke innad i Vestland fylke. Reisene kan gå over inntil to dagar. Reiser mindre enn 40 kilometer vert ikkje dekka. Reiser for møte i folkevalde organ kjem i tillegg. Ordninga kan ikkje nyttast til reine partiarrangement. Fylkesordførar får fullmakt til å godkjenne eventuelle reiser utover dette.

Kapittel 6 Vederlag for påførte utgifter

§ 6-1 Utgifter i samband med tilsyn til barn under 12 år, funksjonshemma, eldre og sjuke

Folkevalde skal ha vederlag for påførde utgifter som følgje av ombodet. Det gjeld ein sats for legitimerte utgifter og ein sats for ulegitimerte utgifter, jf. § 15-1 i forskrifta.

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på utgiftene, vert vederlag gitt etter satsen for ulegitimert tap såframt utgiftene er sannsynleggjort. Det er i alle høve ein føresetnad at det ligg føre eit økonomisk tap.

Aktuelle utgifter vil m.a. kunne vere utgifter til stadfortredar, tilsyn til barn under 12 år og funksjonshemma, samt stell av sjuke og eldre.

Vederlag for påførde legitimerte utgifter vert dekka inntil eit visst beløp, jf. § 15-1 i forskrifta. I slike tilfelle skal alderen på barnet og at tilsynet har funne stad dokumenterast. Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra den folkevalde i å delta i møtet.

Kapittel 7 Skyss og køyregodtgjersler m.m.

§ 7-1 Generelt

Den som har eit fylkeskommunalt tillitsverv skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet ved møte eller oppdrag på vegner av fylkeskommunen.

§ 7-2 Skyssgodtgjersle

Den som har eit fylkeskommunalt tillitsverv får dekka reiseutgifter frå heimstaden/arbeidsstaden.

Dersom den folkevalde på grunn av utdanning, verneplikt, jobb eller liknande oppheld seg ein annan stad enn heimstaden, vert det dekka reiseutgifter til og frå den staden ein oppheld seg som følgje av dette. Fylkesordførar kan i særskilte tilfelle gjere unntak frå dette.

Det er høve for fylkeskommunale folkevalde representantar å nytte eige skyssmiddel for reiser til og frå møte.

§ 7-3 Overnattingsgodtgjersle

Når det vert lagt opp til at overnatting vert dekka av fylkeskommunen, vil dette gå fram av innkallinga til dei fylkeskommunale møta.

Utover det dekkjer fylkeskommunen overnatting:

- a. Når fylkeskommunale møte eller møte representanten deltek på som fylkeskommunal folkevald/på vegne av fylkeskommunen går over fleire døger, eller representanten må møte på møte påfølgjande dag og reiseavstand til heimen er på minst 40 km med bil eller minst 45 minutt reise med kollektive transportmiddel (målt etter www.vegvesen.no/trafikk hjå Statens vegvesen).
- b. Når det ikkje er praktisk mogeleg å komme seg heim med kollektiv reise, eller at heimreise medfører urimeleg lang tidsbruk for representanten dersom representanten skal på fylkeskommunale oppdrag neste dag.
- c. Dersom møtet varer så lenge ut over kvelden at representanten ikkje kan nå heim same dag.
- d. Reglane gjeld tilsvarende for gruppemøte før fylkestingsmøte.
- e. Fylkesordføraren tolkar regelverket og kan gjera unntak.

Kapittel 8 Utgifter til telefon og breiband

§ 8-1 Telefon og breiband

Fylkeskommunen held mobiltelefon for fylkesordførar og fylkesvaraordførar, og dekkjer alle utgiftene ved abonnementet, jf. elles fylkeskommunen sitt telefonreglement så langt det passar.

Fylkestinget elles og leiaren for kontrollutvalet får ei fast telefon- og breibandgodtgjersle per år, jf. § 15-1 i forskrifta.

Kapittel 9 Pensjonsmedlemskap, forsikringar og permisjon

§ 9-1 Medlemskap i Storebrand

Folkevalde skal ha medlemskap i Storebrand. Grensa for innmelding i pensjonsordninga for folkevalde vert fastsett til 3 % av grunnlaget for godtgjersle som er fastsett i reglement om godtgjersle for folkevalde i VLK.

§ 9-2 Gruppelivsforsikring

Folkevalde som er medlem i pensjonsordninga i Storebrand er også dekka av fylkeskommunen si gruppelivsforsikring som har heimel i Hovudtariffavtalen kap. 1, § 10.5

§ 9-3 Reiseforsikring

Det er teikna reiseforsikring for folkevalde. Ordninga gjeld for reiser som følgje av vernet, og kun desse.

§ 9-4 Yrkesskade

Folkevalde som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av berekningsgrunnlaget skal ha same rett til ytingar ved yrkesskade som dei tilsette i fylkeskommunen.

§ 9-5 Permisjon

Folkevalde som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av berekningsgrunnlaget kan få permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15. Under permisjonen beheld den folkevalde godtgjersla i inntil to veker, med mindre ein gir avkall på den.

Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og permisjon ved barn - og barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjersla etter dei same reglane som dei tilsette i fylkeskommunen.

Fylkeskommunen betaler berre ut ytingar i arbeidsgjevarperioden og innafor dei rammar kor fylkeskommunen er betalingspliktig. Ytingar som NAV er ansvarleg for må betalast ut direkte frå NAV til den folkevalde. Dette gjeld til dømes utover dei 10 dagane ein har ved barn-/barnepassar sin sjukdom. Ved fødsels- og adopsjonspermisjon vil fylkeskommunen betale ut differansen mellom ytingar utbetalt frå NAV og den godtgjersla den folkevalde får frå fylkeskommunen. Dette gjeld og ytingar utover 6G. Fylkeskommunen betaler likevel ikkje godtgjersle lengre enn 12 md. Føresetnaden er at ein har teke til i vernet. Fylkeskommunen har ikkje innsynsrett inn mot NAV, og den folkevalde skal difor sende all naudsnyt dokumentasjon snarast.

Kapittel 10 Ordningar for fylkesordførar

§ 10-1 Husvære

Fylkeskommunen skal etter behov syte for høveleg husvære og dekkjer dei faste utgiftene med leige, straum m.m. Dette gjeld likevel ikkje når fylkesordførar bur nærmare enn 40 km. i køyreavstand til administrasjonsstaden Bergen.

§ 10-2 Dekking av spesielle reiseutgifter, m.v.

Fylkestinget skal fastsette særskilte reglar for dekking av reiseutgifter til og frå heimstaden på bakgrunn av kven som innehavar vernet og kva som er rimeleg i det enkelte tilfellet. Skyss- og kostgodtgjersle vert gjeve etter det kommunale regulativet.

Kapittel 11 Politikardagar

§ 11-1 Politikardagar

Leiarar/medlemer i andre utval som ikkje er medlemer i fylkestinget skal ha høve til å møte på politikardagar dersom det er aktuelle saker som vedkjem deira utval. Dei skal då få dekka utgiftene til reise, overnatting, møtegodtgjersle og eventuell kompensasjon for tapt arbeidsinntekt. Fylkesordføraren avgjer i tvilstilfelle.

Kapittel 12 Ettergodtgjersle

§ 12-1 Ettergodtgjersle

Folkevald som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av berekningsgrunnlaget og som ikkje vert attvald, som fråtrer vervet eller som får vervet redusert, kan søke om å få ettergodtgjersle slik:

- Folkevald som ikkje har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i tre månader.
- Folkevald som har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i ein månad.

Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkomande hadde. Ettergodtgjersla skal avkortast krone for krone mot anna inntekt eller anna godtgjersle.

Kapittel 13 Innlevering av reiserekning m.v.

§ 13-1 Innlevering av reiserekning m.v

Reiserekning med krav om godtgjersler og vederlag bør leverast seinast tre månader etter at møtet er halde.

Fylkesrådmannen avgjer om vesentleg brot på denne fristen skal medføre at reiserekninga ikkje vert godkjent.

Eventuelt utbetalt reiseforskot vert trekt ved oppgjøret av reiserekninga.

Kapittel 14 Frikjøpsordninga og opposisjonstilskot

§ 14-1 Frikjøpsordninga

Stønad til frikjøp for politisk arbeid vert gjeve til partigruppene i fylkestinget med 20 640,- per fylkestingsrepresentant per år. Frikjøpsmidlane vert utrekna og fordelt på fylkestinget sine medlemer, med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar, hovudutvalsleiarane, kontrollutvalsleiarane og gruppeleiarane.

Partigruppene fordeler midlane sjølve. Stønaden vert utbetalt på grunnlag av gruppeleiaren sin attestasjon.

Når fylkeskommunen føretok utbetaling direkte til ein medlem vert dette registrert som honorar, og det vert trekt skatt og rekna arbeidsgivaravgift av beløpet.

§ 14-2 Opposisjonstilskot

Partigrupper i fylkestinget som sitt i opposisjon vert gjeve eit opposisjonstilskot. Tilskotet skal vere eit påslag på 25 % av den totale partistøtta til den enkelte partigruppe representert i fylkestinget.

Kapittel 15 Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde

§ 15-1 Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde

Folkevalde vert rekna som 100 % frikjøpt når ein i sum har godtgjersle tilsvarande 92 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Dei faste godtgjerslene vert regulerte i tråd med stortingsrepresentantane si årlege lønsregulering pr. 1. mai. Godtgjersler og vederlaga vert elles regulerte per 1.mai i samsvar med årslønsveksten i det kommunale tariffområdet.

Faste godtgjersle per år:

%-sats

Fylkesordførar	
Fylkesvaraordførar	
Leiar i HU	35 %
Leiar i KU	50 %
Fylkesutvalsmedlem	35 %
Nestleiar HU og KU	10 %
Fylkestingsmedlem	5 %
Hovudutvalsmedlem og kontrollutvalsmedlem	5 %
Leiar yrkesopplæringsnemnda	3 %
Leiar for trafikktryggingsutvalet	3 %
Leiar for styret for fagskuleutdanninga	3 %
Leiar for fylkesråd for eldre	3 %
Leiar for fylkesråd for menneske med neds. funksj.	3 %
Leiar for Klagenemnda	3 %
Gruppeleiarar	
Inntil 9 medlem i FT	35 %
10 eller meir	50 %
Telefon og breiband godtgjersle	Beløp
Medlem av fylkestinget	Kr 3840
HU-leiar, KU-leiar, Fylkesutvalsmedlem og gruppeleiarar	Kr 7500
Frikjøpsordning	Kr 20 640

Godtgjersle og vederlag per møtedag:

		Beløp
Møtegodtgjersle		kr 1 510
Vederlag for ulegitimert tap i inntekt		kr 1000
Vederlag for legitimert tap i inntekt	inntil	kr 4 800
Vederlag for påførde ulegitimerte utgifter		kr 755
Vederlag for påførde legitimerte utgifter	inntil	kr 1 620

Kapittel 16 Ikrafttredelse

§ 16-1 Ikrafttredekse

Forskrifta trår i kraft